



*Arvid Helto*

SELSKAPET

**ÅRSHEFTE  
2006**

## ÅRSHEFTE FOR OLAV SLETTO-SELSKAPET

Olav Sletto – selskapet gav i 2002 ut si fyrste årbok. Ei slik bokutgjeving er eit tungt lyft for eit selskap med så avgrensa økonomiske midlar som det me rår over. Difor vart det og sagt at ei fylldig årbok med stive permar kunne ein ikkje venta seg kvart år.

I 2004 og 2005 vart det gjeve ut årshefter som vart vel mottekne av medlemene.

Styret fylgjer opp dette også i 2006 og vonar at stoffet også dette året vil vera av interesse for alle Sletto-vener.

Av særskilt interesse dette året, er ordlista som Olav Lia har laga. Lia var medlem av Olav Sletto-selskapet frå starten, og som pensjonist arbeidde han mykje med stoff frå Sletto-bøkene. Då han vart alvorleg sjuk, sa han frå at han ynskte at Sletto-selskapet måtte få det han hadde arbeidd med dei siste åra. Han ynskte og at det i staden for blomar i gravferda hans, kunne bli gjeve ei pengegåve til Olav Sletto- selskapet. Me er svært takksame for det Olav Lia gjorde for selskapet vårt, og det gler oss å kunne presentera i dette årsheftet noko av det han hadde arbeidd med.

Me takkar og alle som har sendt oss stoff til dette årsheftet – og oppmodinga til alle medlemmer om å koma med større eller mindre bidrag til årshefta våre, står framleis ved lag!

Årsheftet er i fyrste rekkje meint for medlemene i selskapet og er såleis ein ganske "eksklusiv" publikasjon, trykt i eit opplag på 125 eksemplar. Medlemstalet i Olav Sletto – selskapet kjem til å passera 100 i år, og me oppmodar alle medlemmer om å gjera ein aktiv innsats som medlemsvervarar. Medlemspengane er 100 kroner året som kan innbetalast til Olav Sletto – selskapet, Høgehaugvegen 11, 3576 Hol på bankkonto 2333.22.62998.

Sjå og internettsida vår: [www.olavslettoselskapet.no](http://www.olavslettoselskapet.no)

Styret.

**Kåre Olav Solhjell**  
**Republikanaren Olav Sletto**

**Gløymde republikanarar**

Under feiringa av hundreårsjubileet for unionsoppløysinga i 1905 oppstod det ny interesse for dei politiske haldningane i Hallingdal på den tida. Det har vore skrive fleire artiklar om emnet, til dømes i Dølaminne og i Hallingdølen. John Johnsen på Ål har såleis skrive utførleg om dei republikanske stemningane. Republikanarane stod etter alt å dømme sterkare enn det ein får inntrykk ved å lese i bygdebøkene. Det kan komme av at republikanarane vart meir lågmælte med åra, etter at dei såg korleis den nye kongen og familien hans tedde seg. At klokkaren i Hol, S. Reinton, som var Olav Slettos store velgjerar og forbilde, også var ihuga republikanar, det finn ein ikkje ut ved å lese dei bygdebøkene som sønene hans har skrive.

**Republikk eller kongedømme?**

Spørsmålet om unionsoppløysinga var kopla saman med spørsmålet om kongedømme eller republikk. Det er forklaringa på at såpass mange forsvara unionen så lenge som dei gjorde. Dei kongevennlege såg ikkje noko alternativ til svenskekongen. Kasta ein frå seg kongen, ville vi få ein republikk med fritt spelerom for venstreradikale og sosialistar. Men så skjedde det eit opinionsskifte kring nyttår i 1905. Konsulatsaka låste seg på ein slik måte at til og med kongevennlege høgrefolk ikkje såg nokon annan utveg enn å la unionen fare. Då var dei også budde på å godta republikk

om det vart nødvendig. Republikken har truleg aldri hatt så mange forsvarar i Noreg som denne våren.

Det kan beint fram sjå ut til at republikanarane hadde overtaket ei stund. Men Christian Michelsen ville få til ein mest mogleg smidig og samlande overgang. Han forstod at det ville lykkast best om landet fekk ein ny konge. Det hadde også med stemninga i Stortinget å gjere. Og det galdt å skaffe godvilje blant stormaktene i Europa, der berre Frankrike var republikk. Michelsen allierte seg difor med republikanaren Fridtjof Nansen. Først reiste han til utlandet for å lodde stemninga der. Deretter reiste han landet rundt og agiterte for kongedømme. Når det kom til stykket, støtta folket opp om ein slik kurs. Også mange venstrefolk valde å støtte regjeringa heller enn å halde fast på sitt prinsipielle standpunkt mot kongedømmet.

### **Folkeavstemminga i november 2005**

Vi veit ikkje kva klokkaren stemte. Kanskje hadde han resignert alt før valet? Dottera hans, Gudrun, som var elev på folkehøgskolen på Voss dette året, kalla i dagboka si svenskekongen for "framandoksen". Men ho sukka resignert over valresultatet: "Ja, ja, so vart det konge lell".

Folkeavstemminga viste at det var flest standhaftige republikanarar øvst i dalen. Det viste seg å bli 131 som stemte for republikk i Ål, og 33 i Hol. Det tilsvarar 20 prosent for republikk. I Gol og Hemsedal stemte berre 2,4 prosent for republikk.

## **Olav Sletto på Notodden**

På denne tida gjekk Olav Sletto på lærarskolen på Notodden. Han skreiv rett som det var oppglødde brev til klokkaren heime i Hol. ”Det er verkelegt som eit vendepunkt i vaar saga no”, skreiv han den 5. mars 1905. Så vart han vald til formann i 17.mai-komiteen og kjende seg som ”den megtigaste mann paa heile Notodden”. Den 12. juni skreiv han ei gratulasjonshelsing til klokkaren: ”Til lukka med det frie Norig!”. Det var denne våren at diktardraumane kom over han for alvor. Han tenkte han var kåra til ei særskilt oppgåve i det nyfødde Norig . Heile korrespondansen med S. Reinton kan lesast i den årboka Olav Sletto-selskapet gav ut i 2002.

Olav Sletto var for ung til å ha stemmerett i 2002. Man var ikkje for ung til å ha meiningar, han mangla heller ikkje frimod til å gi uttrykk for dei. I eit brev til S. Reinton 20. november 1905 kalla han beint fram kongen for ”den store lygni”. Klokkaren svara ikkje på brevet, og han røpar ingen stad i breva si republikanske grunnhaldning.

Heile brevet frå Olav Sletto til S. Reinton 20. november 1905 følgjer her:

### **Den store lygni, som heiter kongen**

Notodden 20de november 1905

Kjære lærar!

Du maa endeleg orsaka meg, at eg ikkje hev skrive eit skikkelegt brev til deg, etter at eg reiste heimanfraa. Det er ikkje som det skulde vera av meg dette. – Eg hev nok tenkt paa det, veit du, men ikkje er det nok med tanken berre – i brevskrivning heller. No ja! Nok um det.

Bra liver eg, det skal vera visst, so bra, at eg kraanar, segjer dei. Og det er ikkje verst.

Arbeid er her nøgdi av, og vel so det, som du veit. Berre ein hadde skallen soleis laga, at han rømde og heldt paa alt han fekk, so ein til eksamen berre kunde løda upp, som or ein tunnesekk, daa var det ingen vande. Men no er det so, at faae eig ein slik ein.

Og so hev me fengje konge, ja. Braak var det fyre valet, og endaa meir vert det vel, Gu'betre – etterpaa. Ja, ja. Norigs folk var endaa ikkje komne so langt, at dei kunde kasta den store lygni som heiter kongen. Paa toppen set dei han, ja, ein mann utan ansvar, set han der til aa skriva namnet sitt under det, som landets styringsmenn hev arbeidt saman. Jublar gjer dei mot det hoffliv, som vil koma, og som vil skapa ein heil her av bukkande menn paa friarfot, - paa friing etter aa koma med i glimen og glitren, og etter aa faa magt, og faa seg ei god kjøtgryta. Naar ein tenkjer paa dei, og alt dette andre, so kann ein harma seg sjuk.

Men – det kann verta godt. Det kann verta framifraa godt. Og det lyt ein vona. Peter Hognestad maala no endaa det ut, skal du tru. – Men so kom Ullmann og synte kva kongen var, og synte kva utvikling er, ned gjennom heile saga. Det var noko det.

Men dersom kongen trør folket for nær, soleis at han steller seg i brodden for eit parti, som vil norskdomen til livs, - for er det utrulegt? – ja daa maa det vel syna seg, at det er merg i bønderne.

Eg veit ikkje korleis du ser paa dette synsmaalet. Men ei skam var det for Hol, at det berre fanst 32 som svara nei.

Lærarane her er kongsmenn, anna enn ein. – Det skal vera fridag den dagen kongen kjem, hev eg høyr. Ja, ja.

Heime driv de vel ungdomslaget og avhaldsmøti so det staa  
etter. – Det trengst sanneleg baae slagi. Eller so kjem  
jarnvegskulturen til aa kjøva alt me eig av gammalt.

Ja, lukka med arbeidet!

Nei, eg lyt nok slutta denne gongen.

Ja, det er sant. Eg fekk 50 kr. i stipendium.

Naar eg treng pengar skriv eg.

Hels der sø! Og elles alle!

Huslyden din og du sjølv mykje helsa fraa meg: Din Olav  
Sletto

Aa jau. Vil du vera so snill aa senda pengar innved joli, so var  
det bra.



## Mitt fyrste møte med Olav Sletto.

Av Vidar Bergset

Eg heldt på å skrive at eg fyrst møtte Olav Sletto i det grønmåla bokskåpet som tilhørde ungdomslaget heime, - men eg kom til å tenkje på at eg hadde eigentleg støytt på namnet tidlegare, - i det nynorske bladet «For bygd og by».

Ein av farbrørne mine, som var lærar, hadde vore tingar av «For bygd og by» i alle dei år, og han hadde fått alle årgangane omhugsamt innbundne. Desse bøkene fekk eg låne i tur og orden, og eg las visst alt som stod der. Når det nærma seg jul, brukte det alltid å stå utdrag i «For bygd og by» av dei bøkene Olaf Norlis forlag skulle gje ut, og Olav Sletto var nokså årviss.

Her stod det utdrag av «Stefanus» og «Fatum» og «Primas» og «Frukt» og alle dei andre Sletto-bøkene som kom i 20-åra. Eg las nok alle desse utdraga, og somt av det var svært interessant, utan at det likevel slo dei store gneistane hjå ein gutunge på 12 – 13 år.

Seinare fekk eg sjå boka «Per Spegil» i huset hjå ein kamerat, men han hadde ikkje lese boka, så det var ikkje så mykje eg fekk vete om den.

Og så var det at eg ein dag stod og kika inn i det grøne bokskåpet i ungdomshuset og vart opp i under over alle skattane som fanst der. Eg hadde ikkje visst at ungdomslaget hadde boksamling, men jammen var det mykje bøker her! Og så fann eg «Per Spegil», «Per Sjølv» og «Per Stavlang» av Olav Sletto. Eg var ikkje gamal nok til å vere medlem i ungdomslaget, men eg spurde formannen om eg kunne få låne bøker, og det fekk eg. Eg hugsar at eg reiste heim att med dei to fyrste, og at eg sette i gang med lesinga med det same eg kom heim. Og byrjinga hugsar eg visst enno: «Det var ein eftan dentid markene tek til å grønkast um våren.» Det var eitt og anna dialektord eg hadde vanskar med å skjøne slik i byrjinga, men det meste gjekk fram av samanhengen, og det vart meir og meir morosamt til lenger eg kom ut gjennom boka. Mykje av det Per opplevde, syntest eg at eg hadde opplevt sjølv, og det var ei glede å bli kjend med fleire og fleire av personane i granda. Storedundra og Sindre var storfelte nye menneske å få helse på, - og turen Per hadde til krambua for å kjøpe hjortesalt, var som



teke ut av mine egne opplevingar, for eg hadde og vore styggeleg mørkredd.

«Per Sjøøl» var nesten endå meir fengslande, og då eg hadde lese begge bøkene, barst det til bokskåpet i ungdomshuset for å låne «Per Stavlang». For ein som var oppvaksen på eit småbruk i nær kontakt med mange slag dyr, var sjølv sagt og forteljinga om gjætarsommaren til Per midt i blinken. Eg hadde vore ein lesehest alt sidan eg lærde bokstavane, og det var ikkje få bøker eg hadde innabords, men eg tykte nok at desse bøkene om Per var dei beste bøkene eg hadde lese. Og så trudde eg ikkje det var meir.

Men bibliotekaren i ungdomslaget sa ein dag vi råkast: «No er det kome ei bok til om han Per!» Og den som straks måtte få låne «Per Spelmann», det var eg. Det høvde så meint at då var eg nett på same alder som Per, 14 år – og han var sanneleg til å kjenne seg att i – både i dei vonde og dei gode opplevingar. Eg levde med i alt, heilt til Per stod der med felekassa i den eine handa og nistekofferten i hi – og skulle ut i verda. Eg trur nesten eg gret litt då siste sida var lesen.

Og seinare har eg meint at desse fire bøkene til Olav Sletto står i ein klasse for seg sjølv når det gjeld barndomsskildringar i norsk litteratur.

Mange år etter stod eg i ein forelesingssal på Det Kongelige Frederiks Universitet i Oslo og prata med ein av dei mest framstående litteraturprofessorane vi hadde den gongen. Eg heldt på med norsk mellomfag, og eg fortalde at eg hadde tenkt å ta hovudfag også, - og dessutan at eg hadde tenkt å skrive hovedoppgåve om nokre av Olav Slettos bøker – kanskje Per-bøkene. «Ja, det er ingen ting i vegen for det», sa professoren. «Men jeg har ikke lest dem», la han til.....

# FE OG FOLK HJÅ OLAV SLETTA

## Nokre småe streif i Per Stavlang.

Av Per Lilleslett

Når eg no har teke på meg å dele med Olav Sletto-selskapets medlemmer nokre inntrykk eg sit med etter å ha lese Per Stavlang, er bakgrunnen denne: attåt å vera vanleg lesar har eg drive med krytyr det meste av levetida og såleis fått særleg interesse for Sletto som dyreskildrar. Sletto var oppvaksen på ein holingsgard og dermed i ein solid gardskultur der husdyra hadde høg status; det var dei som sytte for levemåten. Frå gommo og goffa i Sletto er det lett å dra parallellar til bestefar og bestemor i Per-bøkene. Dei står fram som store dyrevener med eit omframt dyretekke. Men Olav Sletto er meir enn dyrepsykolog og referent, han er dyrediktar: Dyra han fortel om er ikkje med som statistar; etter som forteljinga skrid fram utviklar og endrar også dei seg. Eller, om du vil, dei syner nye sider ved seg etter kvart, mykje godt på same måten som menneska.

Eg nemnde bestemor og bestefar som dyrevener. Og det var nok kyrne som vart haldne gjevast.

"Og Storegullros var død og burte longe sida, men ho gjekk att her som ei vakker segn endå. Både ho bestemor og gamle Ingibjør grøttest då dei fortalde kvarandre um henne: ho var fødd og boren i Morgodal....Så selde bestefar Storegullros då ho hadde bore niande kalven. Det vart ei vond stund då ho for....So seint som i vinter tala han um det, og vart hås då han svalla."

Dagen kjem då bølingen skal ut om våren. Fyrst kjem Gullros og Venegull. "Like bak henne skrimsla Risengjæv fram or fjøsmørkret, steig merkeleg vart og plent som ho drøymde. Ho bar ei rund syngjanbjelle og den bjella ymde so vent...Ho lydde på med ho gjekk, Risengjæv."

Men så skjedde det som ikkje skulle skje: Bestefar, som dreiv inni fjøset og sette på bjellene, hadde "sett bjella hennar Skautelin på o' Gjevreid." Her får vi kunnskap om bjella som status- og maktsymbol (nokon kvar av oss har gjerne opplevd noko som liknar), for slikt ville ikkje Skautelin finna seg i; "ho ville ha dragsmål, ho var hemnsjuk so ho trippa." Men den urette bjella kom av og den rette på og Skautelin var like blid – men ville ikkje ha att bjella si og ville halde seg åleine etter dette. Dronning for ein dag! Men om litt fann ho ut at ho lell var tent med gamlebjella si og kom steg for steg og ville ha henne attende. Kjenner nokon seg att? Ypperleg syner Sletto – ikkje nødvendigvis menneskelege drag hjå dyra – men sams drag hjå dyr og menneske.

Så har vi bukken, Sjugurd. "Augo glitra grasgrøne; han stirde og var skjønsmann" og "feta varnemt (...) som han skulle vore medlem i heradstyret." Altså – så langt – ein ikkje uvanleg vyrdeleg bukk som vel fleire enn Sletto kunne ha skildra han. Men så skjer det noko: Medan Per gjæter i Venelio, ein gamal støl rett ova garden, skjenar heile bølingen for kleggen, slik gamle Nils nett hadde spådd. "Alt flaug rundt, ingen hadde vet meir, korkje stor eller liten." Og då er det vel berre Sletto som kan skildre ein slik bukk: I staden for å ta del i tumultane, blir Sjugurd heiagjeng og finn seg kjapt orkesterplass: "Men han Sjugurd skyna visst ikkje fåren, han. Han stansa tråvet nokolunde straks og der vart han ståande og kope som han lo. Best det var slo han bakføtene i veret som ein hest, vart tvitulling å sjå på og dansa upp budmuren og heilt upp på grastaket. Attmed peispipa la han horni skakk...og dansa stundimillom på to der uppe."

Og så har vi Svartebekaren, av Per døypt Labanson: "Han gav seg til å fylgje meg kvar han gjekk, han minte meir um folk enn um fenad det belet...Men det var noko underleg med han svartingen eg aldri var kar um å få tak i...Stirde eg på han uventa, då kjende han det som eg slo han."

Det byggjer seg opp til ei mental styrkeprøve mellom dei to, der Per blir den veikaste. "Eg sette augo på han i går. Lenge. Han tola det ikkje, vart uroleg straks, gjekk fram eit par steg. Eg einstirde like godt. Eg fekk brått slik hug til å plaga han på den måten." Men Per må gje seg: "Med eitt hov han skallen og stirde beint på meg so steinhardt at det kvakk i meg. Ståande vart han som han vaks og eg måtte sjå til ein annan kant."

Så kjem dagen dei skal buføre på heimstølen i Helgesetlien, der Storedundra skal vera budeie, ei brøkje av eit digert kvinnfolk, "som gjerne fann store steinar av ord som ho hivde på ein". Men som alltid er budd til å ta dei verste jobbane, anten det gjeld å vaske fjøs eller stelle lik, for den del. Og når det verkeleg kvesser seg til, finn ho alltid ut kva som må gjerast og gjennomfører det, same kva det måtte koste henne. Såleis er ho – under alle grove lag – eigentleg eit respektabelt menneske. Eg trur Sletto må ha tykt vel om Storedundra og fryda seg over kva han har fått til der. Det same gjeld Hølji Søpåstøle, ein utkropen holing på åtte år, som blir Pers nye leike- og gjætslekamerat. Her må Sletto hatt stor moro av å syne nokre mindre heldige sider hjå sine gode sambygdingar utan at nokon treng kjenne seg råka: Ein åtteåring finn då på så mangt!

På Søpåstøle hadde dei Botsvarten, ein ukse "som gjekk halvsjuk rundt haugane her og ville dragast." Men det var ingen å dragast med. Og nifsare ukxelæte har vel ingen skildra: "Ein kvævd murrande låt tok til ein stad...Ei hås buing var det, noko lågmælt som braut or sjøelve bakken...Eit døyvt avgrunnslæte dirra hitover so eg kjende det under skosolane."

Og så skjer det underlege at bukken Sjugurd, pragmatikaren, eit politisk talent? slår lag med Botsvarten. Han synest det er slik stas å få sole seg i glansen av skræma og despoten at han forlet stølen og geiteflokken. Botsvarten, på si side, er temmeleg likeglad med den nye drabanten. På Søpåstøle har dei og ein bekar, Kviteberren, som Hølji i pur develskap kjem med så han kan møte før nemnde Labanson. På

reint prinsippielt grunnlag blir dei to kompromisslause fiendar og går til krig mot kvarandre. Den monotone og enerverande dunkinga av skalle mot skalle læt seint og tidleg og krigen blir total: Dei stangar kvarandre til slutt i hel.

Etter kvart kvesser det seg til mellom Hølji og Storedundra og Hølji finn på meir: For å hemne seg på Storedundra som rett og slett hadde jaga han, etter at han hadde kasta stein på henne, kjem han lirkande med Botsvarten. Og Hølji reknar rett: Botsvarten blir vare Storedundra og det raude plagget hennar. "Dermed kom han stegande og heller fort, buren braut på som halsen stryptest, og so brylla han ut i eit lengre tak og lyddest ill og amper."

Snakk om ukxelæte! Og Storedundra får bruk for sitt uksetekke, som ho er kry av, og roar etter kvart ned Botsvarten, som etter dette legg sin elsk på henne, blir sjalu og nærgåande, bryt ned ledet og tukkar seg nærare stølsbua for kvar dagen. Botsvarten er rett og slett vorten farleg!

Og så gjer Storedundra, uksevenen, det ho finn ho må gjera og som er det tyngste ho nokon gong har gjort: Ho spikkar seg ein bjørkesvolk og er budd på å dengje Botsvarten for å få han frå seg. Men det kostar: "Hadde eg so sant hatt ei halv flaske brennevin!" Men brennevin har ho ikkje og må stive seg opp på svart kaffi: "No har eg to køppa i kvar fot, skratta ho. La meg slå den femte i hovudet." Og så til verket: "E sigji amen..som han sa, Skrinden, då'n fridde på Veslestøle." Men uksen nektar å tru han skal jagast – "han kjæla hovudet inn til kjeppen, Botsvarten. Han sveivde tunga ut og beit toppen av han."

Men så må han til pers og let seg banke lenge utan å skjøne at han må vekk. Storedundra slemper villsinnet sitt laus og no er det henne det let stygt i: "Det vart ei einaste buring til, eg skilde ikkje meir kva ho sa, huden inni halsen på henne auka til lange kvæve hyl..." Og etterpå: "Dette skulle e alder gjort, høste ho...Botsvarten gret!" Og dermed glepp det heilt for Botsvarten der han dreg seg vestetter til andre stølar. Det einaste han har att er raseriet og lensmannen krev han avliva innan fire dagar.

Så kjem dagen då Per skal heimatt til bestemor og bestefar. På vegen blir han vitne til det nifse opptrinnet der Botsvarten, som dei har greidd å fange, må skytast avdi dei ikkje maktar å halde han. Her svingar dramatikaren Sletto seg til dei store høgder, kloa frå Lokebøkene grip til som før og Per (og lesaren!) får ei sterk og skakande oppleving. Slik ser det ut til at boka skal ende.

Men Sletto vil det annleis, han roar Per raskt ned, snur han vestetter att mot Helgesetlia og gjev han "tid i overflod". Og boka endar med at Per for moro skuld ville rusle vestetter att, slik at han fekk teke velleva med kjende trakter før han gjekk heim.

Greitt nok for Per, men kva med lesaren? Har Sletto greidd å roe han ned? I alle fall ikkje denne lesaren, og eg tenkte som så:

No var du for kjapp, min gode Olav Sletto, no har eg deg! Dette tilsynelatande raske omskiftet mot slutten av boka fekk meg til å reflektere litt over nokre av Slettos sermerke som diktar. For det eine: Dette kapitlet er kanskje eit av dei sterkaste døme på at Sletto dyrkar dei klassiske ideal. Boka skal ende i ro og harmoni. Ein folkelivskildrar i den meir romantiske sjanger (romantikken her som litterært omgrep) ville nok sendt Per rake vegen heim til bestemor med gråten i halsen. For det andre: Det vart til at eg måtte ta meg sjølv i nakken og spørje om det var eg som hadde vore for snar, med andre ord vore ein dårleg lesar? Og meir generelt: har vi, med vårt stadige konsum av kjapt avisstoff og det ein kan kalle tidsfordrivslitteratur lært oss å skumme sidene på jakt etter skimten av meiningar og kjappe sensasjonar? Må vi lære å lesa på nytt?

Når Sletto fortel, og veg sine ord på gullvekt, er det faktisk rimeleg av han å krevje at vi får med oss dei fleste av dei!

Og om vi i blant synest Sletto yter motstand, trur eg vi kan slå oss til ro med at gjorde han ikkje det, vore han ikkje den dikteren vi held han for å vera!

## **OLAV LIA : ORDLISTE (frå Sletto-bøkene)**

**Olav Lia** var aktiv medlem av Olav Sletto – selskapet frå starten. Han var ein av dei få som kunne seia at han hadde lese alle 44 Sletto-bøkene og som hadde nær kjennskap til både forfattaren og diktinga hans. Olav Lia var i fullt arbeid med ordliste frå Sletto-bøkene og ein studie av Sletto sin særmerkte bruk av direkte tale då han vart sjuk og døydde hausten 2002. Han ynskte at Sletto-selskapet skulle få overta arbeidet han var i gang med, og i dette årsheftet ynskjer me å presentera ordboka som Olav Lia hadde under arbeid.

Me trykkjer denne ordlista slik ho ligg føre frå Olav Lia si hand, alfabetisk ordna med tilvisingar til bok og sidetal, og med dei tydingane han hadde funne fram til. Nokre stader har han sett spørjeteikn ved tydingane, og nokre få stader har han ikkje greidd å finna fram til kva ordet tyder i «moderne» språkdrakt. Dette kan vera ei utfordring for medlemene i Sletto- selskapet, og me tek gjerne mot kommentarar både når det gjeld dei manglande tydingane og eventuelt andre synspunkt på denne ordlista.

Då kan me koma attende til utfyllande merknadar ved eit seinare høve.

Siste boka til Olav Sletto var «På Alderstun». Mellom dei etterlatne papira i Hol Bygdearkiv ligg det planar og emnelister for ein andre del av denne boka, kalla «Dialogane». Med i desse dialogane er ein Sletto kalla Bok-Hans, «den vete-giruge», ein filolog som ville skrive om forfattaren og difor søkte opplysningar.

Denne Bok-Hans var Olav Lia. Han skreiv ei større oppgåve om Olav Sletto på lærarskulen i Elverum og var i samband med dette ofte på vitjing hjå forfattaren.

Ved eit seinare høve skal medlemene i Sletto – selskapet få nærare kjennskap til dialogane mellom forfattaren og Bok-Hans.

I denne omgang kjem Olav Lia si ordliste, eit arbeid som me trur vil vera til stor nytte for alle som gjev seg i kast med Sletto sine bøker, og kanskje særleg for dei som ikkje har dialektbakgrunnen som nok er naudsynt for å få med seg alle nyansar hjå språkmeisteren Sletto.

Grunnord	Frå bok:	Tyding
agande	12 Stefanus 13	age: tukte, tvinge til respekt og lydnad
allkyns	32 Jordfast 201	alle slag, alskens
alra	4 Tenaren 1917 84	allra:genetivform for all
alrammest	1 Dei gamle 50	al: forst. prefiks, her: det ramma han sterkt
ampa	7 Domen 159	plage
ampe	2 Sanddal 2	bry, strev, mas, plage
andfælt	32 Jordfast 149	andfælen: guar seg for noko forferdeleg
andfådd	4b Ten... 1952 32	bleik, sjuk ???
andgjenge	30 Under Solhov 281	ei som er gjenstridig
andhæres	30 Under Solhov 283	”mothårs”
andtæpt	30 Under Solhov 343	tungpusta
andvarpa	25 Domhuset 51	andvarpe: sukke
andvarpande	12 Stefanus 100	andvarpe: sukke
ane	23 Gilde 109	(el. enje): vandre, finne attende til anene – forfedrane ?
annsemdi	30 Under Solhov 302	travelheit
anslar	15 Elveland 39	ansle: streve, kave
antrast	30 Under Solhov 325	antre: seie imot
apa	30 Under Solhov 321	rygge (tilbake)
asa	15 Elveland 116	ståke, bråke, mase, streve, kave
astrale	35 Dag 39	som gjeld stjernene
atalt	34 Fyrste glimt 80	atal: vrang, lei, amper
audmykt	32 Jordfast 49	det å vera audmjuk
augebleksliv	39 Upp bakke ...30	augeblek: augneblink
augnefor	26 Per Spegil 53	fare over med auga, sjå nøye, granskande på
avbragsleg	32 Jordfast 281	uvanleg, underleg, vanskeleg
avlig	9 Skyming 143	avlig: overmektig, sterk (bygd)
avligare	12 Stefanus 167	avlig: sterk dristig
bardage	9 Skyming 121	strid, slag, slagsmål



baukande	34 Fyrste glimt 113	bauke: røre seg kavande
beid	34 Fyrste glimt 148	av bide: vera, finnast, "gives"
beitte	18 Primas 175	beite: spenne (hesten føre dragkjerre)
berst	13 Porten 46	av bere, her: kjem (det for han)
bése	39 Upp bakke ...118	vase, slarve; forkjæle
bidme	1 Dei gamle 75	kar, kopp, spann
bisnast	34 Fyrste glimt 75	bisne: glane, bli forundra
bisnefus	9 Skyming 71	vitebegjærlig
bjartdæmde	12 Stefanus 29	bjart: klar, blank, lysande
bjuglar	5 Um Tyskland 68	bøyer, bognar
bleiv	31 Ættbunden 2897	drukna
blidlæte	15 Elveland 187	blid/vennleg tale og åtferd
blæja	27 Per Sjø 188	laken, bløye
bolkevis	5 Um Tyskland 23	tidvis, det som skjer med visse mellomrom
bragl	36 Skrinet ... 168	glimting, skiftande blenking
brask	15 Elveland 109	ståk, knaking, bask, skrot
brøsa	7 Domen 43	brose f.: bye, hard uversri, her: verb
brulting	9 Skyming 145	brulte: larme, rasle, svakare larm
brurela	26 Per Spegil 203	?
bryllar	13 Porten 89	Lydord?
brøyste	4b Ten... 1952 48	stritta ???
brål	30 Under Solhov 209	ståk, bråk
buhavet	15 Elveland 20	her: flyttelasset, (det ein eig)
bulta	31 Ættbunden 116	lydord ?
burtevera	14 Signum Chr. 34	vore borte
burthugsal	20 Uppetter g. 137	"gløymt seg bort"; hugs: sans, ettertanke, minne
buvse	30 Under Solhov 330	store, busemannaktige
byskje	26 Per Spegil 71	tett samling av buskar; kratt
byssus	13 Porten 101	??
bytna	41 Då tedde..140	"tjukne til", egentl. dekkje med lok

bækte	28 Per Stavlang 12	breke (sau), mekre (geit)
bærta	7 Domen 37	skvale, gå i små bærer
børg	31 Ættbunden 11	byrg: sjølvtrygg; stolt, kry; før, skikka (til noko)
børten	23 Gilde 6	børt: rekkjefølgje, tur; skyldnad, plikt
bøvel	28 Per Stavlang 71	kjeltring, djevel
dertne	15 Elveland 108	derten: snerten, fin og pynta, nett
